

Måndag klokka 19 startar Hobbyklubben ein ny sesong i Bedehuset og har fleire nye og spennande aktivitetar som ein kan prøva seg på. Det er blant anna speidaraktivitetar.

Her er ein stutt presentasjon av tilbodet:

* Det vert ei ny gruppe som skal prøva seg på tekstilforming og laga ymse ting i garn og tekstilar.

* Det vert ei ny gruppe som skal byggja legorobotar og programmere dei slik at dei kan gjennomføra ymse oppgåver

* Avisgruppa skal produsera eit fyldig nummer til jul

* Det vert ei ny gruppe som skal sysla med speidaraktivitetar.

' Matgruppa vil halda fram med å laga ymse rettar som serverast til medlemmene på slutten av kveldane

Neste aktivitetskveld er 17. september og så går det slag i slag 1. oktober, 29. oktober, 12. november og 26. november . 15. oktober vert det ein spesiell miljøkveld og 10. desember set klubben punktum før jula med den tradisjonelle grautfesten.

Hobbyklubben sine kveldar varar til 20.30 og er ope for alle frå 5. klasse og oppover - utan nokon øvre grense.

Tekst og foto: Tore Mathiesen og Ola Matti Mathisen



Hobbyklubben eit tidlegare år